



Meland kommune

Frekhaug Dagligvare A/S
Rema 1000 Frekhaug

5918 FREKHAUG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/1119 - 16/18508

Saksbehandlar:
Merete Rosslund Fløysand
merete.floysand@meland.kommune.no

Dato:
26.09.2016

Søknad om fornying av salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 i tidsrommet 01.10.16 til 30.09.20

Vedlagt følgjer vedtak.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningslova (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Merete Rosslund Fløysand
førstesekretær

Andre mottakarar:
Frekhaug Dagligvare A/S

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Merete Rosslund Fløysand	FA - U62	16/1119

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
56/2016	Utval for levekår	PS	13.09.2016
88/2016	Kommunestyret	PS	21.09.2016

Søknad om fornying av salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 i tidsrommet 01.10.16 til 30.09.20

Vedlegg:

Plantegning - Rema 1000

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Frekhaug Dagligvare A/S ved Bjørn Johnny Vågenes har i søknad d. 19.04.16 søkt om fornying salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 i tidsrommet 01.10.16 til 30.09.20, i butikklokalet, stort 1.278 kvadratmeter, til REMA 1000, Nordgardshaugen 1, 5918 Frekhaug.

Bjørn Johnny Vågenes er styrar for salsløyvet og Aleksander Vågenes er vikar for styrar. Varesortimentet er daglegvarer. Opningstida er frå kl. 07.00 til kl. 23.00 på kvardagar og frå kl. 08.00 til kl. 21.00 på laurdagar.

Vurdering

Saka har vore til uttale hjå Lensmannen i Lindås og Meland som har ingen merknad til fornying av salsløyve.

Frå Skatteetaten Nordhordland kemnerkontor har søkjar sendt inn attest for skatt og meirverdiavgift på firma, styrar og vikar for styrar. Attesten har ingen restanser på skatt/avgift.

Styrar for salsløyvet Bjørn Johnny Vågenes og vikar for styrar Aleksander Vågenes har bestått kunnskapsprøve i samsvar med Alkohollova §1-7c.

Framlegg til vedtak:

« I medhald av Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2019 for Meland kommune og Alkohollova §§ 1-4a, 1-4b, 1-7c, 3-1 andre ledd og 3-7 godkjenner kommunestyret at:

1. REMA 1000, Frekhaug får fornya salsløyve til sal av alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent (alkoholhaldig drikk gruppe 1) i butikklokalet, stort 1.278 kvadratmeter, i tidsrom met 01.10.16 til 30.09.20
2. Bjørn Johnny Vågenes er styrar for salsløyve og vikar for styrar er Aleksander Vågenes
3. Salstida vert frå kl. 09.00 til kl. 20.00 på kvardagar

Salstida vert frå kl. 09.00 til kl. 18.00 på laurdagar

Påske-, pinse-, jule- og nyttårsafta er salstida frå kl. 09.00 – kl. 15.00 og dagen før Kristi Himmelfartsdag er salstida kl. 09.00 til kl. 20.00. Sal og utlevering av drikk i gruppe 1 skal ikkje skje på søn- og helligdagar, 1. og 17. mai

Salsløyvet vert gitt fram til 30.09.2020

4. Oversikt over alkoholomsetning for alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal sendast til kommunen kvart år innan utangen av februar månad året etter.»

Utval for levekår - 56/2016

ULK - behandling:

Stian Lavik (Krf) var ikkje til stades ved handsaming av denne saka.

ULK – framlegg til vedtak:

« I medhald av Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2019 for Meland kommune og Alkohollova §§ 1-4a, 1-4b, 1-7c, 3-1 andre ledd og 3-7 godkjenner kommunestyret at:

1. REMA 1000, Frekhaug får fornya salsløyve til sal av alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent (alkoholhaldig drikk gruppe 1) i butikklokalet, stort 1.278 kvadratmeter, i tidsrom met 01.10.16 til 30.09.20

2. Bjørn Johnny Vågenes er styrar for salsløyve og vikar for styrar er Aleksander Vågenes
3. Salstida vert frå kl. 09.00 til kl. 20.00 på kvardagar

Salstida vert frå kl. 09.00 til kl. 18.00 på laurdagar

Påske-, pinse-, jule- og nyttårsafta er salstida frå kl. 09.00 – kl. 15.00 og dagen før Kristi Himmelfartsdag er salstida kl. 09.00 til kl. 20.00. Sal og utlevering av drikk i gruppe 1 skal ikkje skje på søn- og helligdagar, 1. og 17. mai

Salsløyvet vert gitt fram til 30.09.2020

4. Oversikt over alkoholomsetning for alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal sendast til kommunen kvart år innan utangen av februar månad året etter.»

Kommunestyret - 88/2016

KS - behandling:

Framlegg til endring av vedtak frå Utval for levekår frå Dag Erik Hagesæter, FrP:

Pkt. 3. Salstida vert frå kl. 07.00 til kl. 23.00 på kvardagar
Salstida vert frå kl. 08.00 til kl. 21.00 på laurdagar

Avrøysting:

Framlegg til endring frå Dag Erik Hagesæter fekk 11 røyster for, (5 H, 4 FrP, 1 AP, 1 BF), 16 røyster mot, og fall.

Framlegg til vedtak frå Utval for levekår fekk 16 røyster for, (6 AP, 3 SP, 3 KrF, 2 V, 2 MDG), 11 røyster mot, og er såleis vedteke.

KS - vedtak:

« I medhald av Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2019 for Meland kommune og Alkoholova §§ 1-4a, 1-4b, 1-7c, 3-1 andre ledd og 3-7 godkjenner kommunestyret at:

1. REMA 1000, Frekhaug får fornya salsløyve til sal av alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent (alkoholhaldig drikk gruppe 1) i butikklokalet, stort 1.278 kvadratmeter, i tidsrom met 01.10.16 til 30.09.20
2. Bjørn Johnny Vågenes er styrar for salsløyve og vikar for styrar er Aleksander Vågenes

3. Salstida vert frå kl. 09.00 til kl. 20.00 på kvardagar

Salstida vert frå kl. 09.00 til kl. 18.00 på laurdagar

Påske-, pinse-, jule- og nyttårsafta er salstida frå kl. 09.00 – kl. 15.00 og dagen før Kristi Himmelfartsdag er salstida kl. 09.00 til kl. 20.00. Sal og utlevering av drikk i gruppe 1 skal ikkje skje på søn- og helligdagar, 1. og 17. mai

Salsløyvet vert gitt fram til 30.09.2020

4. Oversikt over alkoholomsetning for alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal sendast til kommunen kvart år innan utangen av februar månad året etter.»